

Forslag til endringer i forskrift om opptak til høgre utdanning

Fastsatt av Kunnskapsdepartementet 6. januar 2015 med heimel i lov 1. april 2005 nr.15 om universiteter og høyskoler § 3-6, § 3-7 og § 4-9.

Det er foreslått endringer i følgjande føresegner:

Endringer i forskriftsteksten er markert med **feite bokstaver** og ~~stryk~~.

Kapittel 2 Generell studiekompetanse

§ 2-3. Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning

Det vert foreslått endring i første ledd:

(1) Søkjarar som er tekne opp til høgre utdanning på grunnlag av reglar om unntak frå kravet om generell studiekompetanse, jf. kapittel 3, og **søkjarar som er tatt opp ved ei feil gjort av eit universitet eller ein høgskole** og som har bestått ei slik utdanning på minst eitt år (60 studiepoeng eller to studium, kvart på 30 studiepoeng), får generell studiekompetanse såframt dei har dokumenterte norskkunnskapar.

§ 2-4. Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning

Det vert foreslått endring:

Søkjarar som har fullført 2-årig fagskoleutdanning (**120 fagskolepoeng**) som er godkjend etter lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning, ~~får~~ har generell studiekompetanse. ~~såframt dei òg oppfyller kravet om norsk, jf. § 2-1.~~

Kapittel 3 Unntak frå krav om generell studiekompetanse

§ 3-6

Det vert foreslått endring i punkt 1:

~~Studium i utøvande og skapande kunst ved Universitetet i Bergen, Kunsthøgskolen i Oslo og Norges Dansehøgskole~~

Det vert foreslått endring i punkt 6:

~~Forfattarstudium ved Høgskolen i Sørøst-Norge~~

Det vert foreslått endring i punkt 9:

~~Studium i visuell kunst, film og tv, manus, lysdesign og Visual Effects ved Westerdals – Oslo School of Arts, Communication and Technology~~

Det vert foreslått nytt punkt 11:

Studium i manus - scenetekst og tv-drama ved NSKI Høgskole

Kapittel 4 Spesielle opptakskrav

§ 4-4 Spesielle opptakskrav i arkitekturfag og teknologiske fag

Tredje punkt

(3) *Integrert masterstudium i teknologiske fag*, med unntak av Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet

Det vert foreslått følgjande endring i andre ledd:

Søkjarar med 2-årig teknisk fagskole etter rammeplan fastsett av departementet i 1998-1999 og tidlegare studieordningar ~~må dokumentere kunnskapar tilsvarande matematikk R2~~ **fyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk som er fastsette her.**

§ 4-5. Spesielle opptakskrav til enkelte økonomiske og administrative fag

Det vert foreslått nytt punkt 4:

***Bachelorstudium i samfunnsøkonomi og i politisk økonomi* ved Universitetet i Bergen**
Som ei forsøksordning for opptak til studieåra 2019–2020, 2020–2021 og 2021–2022
må søkjarar dokumentere at han/ho har minst karakteren 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timar).

§ 4-8. Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram

Det vert foreslått nytt punkt 2:

(2) *Engelskspråkleg høgskolekandidatstudium* ved Det teologiske Menighetsfakultet
Søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar).
Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumenters bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

§ 4-9. Spesielle opptakekrav til enkelte kunstoffag

Det vert foreslått nytt 12.punkt:

- ***Bachelorstudium i manus - scenetekst og tv-drama* ved NSKI Høgskole**

Det vert foreslått nytt 13. punkt:

- ***Studium i utøvande og skapande kunst* ved Universitetet i Stavanger**

§ 4-10 Spesielle opptakskrav til diverse fag

Det vert foreslått nytt 11. punkt i første ledd:

- **Til følgjande studium ved Nord universitet må søkjaren dokumentere spesielle ferdigheter, fastsett av institusjonen, i form av innsendt arbeid:**
 - ***Bachelorstudium i 3D art, Animation and VFX,***
 - ***Bachelorstudium i Film and TV Production***
 - ***Bachelorstudium i spill og opplevelsesteknolog***

Det vert foreslått følgjande endring i andre ledd 9. punkt (under Westerdals – Oslo School of Arts, Communication)

- **Bachelor i digital markedsføring**

Kapittel 5 Opptak på visse vilkår

§ 5-1. Opptak på visse vilkår

Det vert foreslått endring i første ledd, siste setning:

Det er ein føresetnad at søkjaren har karakteren 2 eller betre, **eller oppfyller andre opptakskrav med** standpunktkarakteren i det faget han/ho ikkje har avlagt eksamen i, og at søkjaren ikkje allereie har avsluttande vurdering i faget. **Dersom det er fastsett karakterkrav for opptak til studiet er det ein føresetnad at søkjaren oppfyller karakterkravet når eksamen er avlagt.**

Det vert foreslått ny føresegn:

§ 5-3 Opptak på visse vilkår for søkjarar frå land utanom Norden som må ha visum for å kunne takast opp til årskurs i norsk (NY)

Søkjarar til årskurs i norsk for utanlandske søkjarar som kan dokumentere at dei fyller krav for opptak til studiar, med unnatak av norsk, kan få tilbod om studieplass etter visse vilkår. Tilbod om ordinære studiar påfølgjande studieår, blir gitt på vilkår av at søkjaren fullfører og består årskurs i norsk. Søkjarar som ikkje består årskurs i norsk mistar tilbod om studieplass.

Kapittel 7 Rangering av søkjarar ved opptak

§ 7-5. Karakterpoeng for søkjarar med 3-årig vidaregåande opplæring:

Det vert foreslått følgjande endring i andre ledd, siste setning strykast:

~~For fellesfag skal berre karakter(ar) frå høgaste nivå i fellesfag reknas med.~~

§ 7-6. Karakterpoeng for 23/5-søkjarar

Det vert foreslått følgjande endring i andre ledd, siste setning strykast:

~~For fellesfag skal berre karakter(ar) frå høgaste nivå i fellesfag reknas med.~~

Det vert foreslått følgjande endring i tredje ledd:

(3) Søkjarar som tilfredsstiller eit eller fleire generelle ~~eller spesielle~~ fagkrav for opptak på grunnlag av anna utdanning eller annan dokumentasjon av kunnskapar enn faga som er bestått i norsk eller nordisk vidaregåande opplæring, skal rangerast etter § 7-12.

§ 7-9 Tilleggs-poeng for det underrepresenterte kjønnet

Det vert foreslått følgjande endringar:

(1) For å jamne ut forskjellar og oppnå større grad av likskap mellom kjønna, kan departementet for enkelte utdanningar ~~kan departementet~~ fastsette at søkjarar av det kjønnet som er ~~klart underrepresentert~~ for dårleg representert blant studentar på eller yrkesutøvarar frå vedkommande utdanning, skal ha 1 eller 2 tilleggs-poeng for ein avgrensa periode.

(2) Det kan berre tillatast å gi tilleggs-poeng der det er godtgjort at andre verkemidlar ikkje fører frem. Om simulering på tidlegare opptak viser at tilleggs-poeng kan

resultere i for stor diskriminering av det kjønn som er overrepresentert på studiet, må det vurderast om det kan vere aktuelt å innføre spesielle kvoter, jf § 7-3.

Det vert foreslått følgjande endringar:

§ 7-11 Tilleggs poeng for høgre utdanning, fagskole, eit år på folkehøgskole, sivilteneste eller militær førstegongsteneste

1) Det blir gitt 2 tilleggs poeng for anten eit fullført studium eller samla 60 studiepoeng ved universitet eller høgskole eller **fagskole**, eitt år på ein folkehøgskole med godkjend skoledokumentasjon eller fullført militær førstegongsteneste eller sivilteneste.

(2) Eit fullført halvårig studium i **høgre utdanning eller fagskole** eller 30 studiepoeng/**fagskolepoeng** gir 1 tilleggs poeng.